

Vestlandsrådet

Kulturdepartementet
Pb 8030 Dep

0030 OSLO

23.05.2013

Deres ref.:

Saksbehandler: Odd Erik Hansgaard
Direkte innvalg: +4791322463

Saksnr. 13/10541-1
Løpenr. 32468/13
Arkivnr.

VESTLANDSRÅDETS HØRINGSUTTALELSE TIL KULTURUTREDNINGEN 2014 (NOU 2013:4)

1. Vestlandsrådet vil gi honnør til det omfattende utgreiingsarbeidet som er gjort på kulturfeltet, og som er lagt fram i *NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014*. Arbeidet gir på ein god måte greie for utviklingstrekk innan norsk kulturpolitikk, og ein god analyse av dagens tilstand på kulturfeltet.
2. Vestlandsrådet vil i hovudsak støtte opp om utvalet sine tilrådingar om eit lokalt kulturløft for å gjenreise den kulturelle grunnmuren, og at statleg kulturpolitikk legg vekt på kunstnarisk innhald og kvalitet.
3. For å komme vidare i å utvikle den lokale kultursatsinga, er det Vestlandsrådet si oppfatning at staten bør gå i dialog med KS om korleis eit lokalt kulturløft best kan realiserast. Eit lokalt kulturløft må basere seg på ei erkjenning av kulturen sin eigenverdi. Samstundes vil den lokale styrkinga også vere godt eigna til å utvikle kulturen sin samspel med andre samfunnsområde.
4. Vestlandsrådet ønskjer ei utvikling innan kulturpolitikken som legg til rette for sterke kulturelle sentra over heile landet, og saknar ei drøfting av dette i utgreiinga. Rådet meiner at det innanfor dei nasjonale kulturpolitiske rammene bør leggjast til rette for å utvikle det lokale og regionale mangfaldet gjennom ei tydeleg regionalisering innan konkrete kulturpolitiske satsingsområde. Så langt har ein ikkje i den nasjonale kulturpolitikken teke ut heile vekstpotensialet som ligg i det lokale og regionale kulturlivet. Større lokal og regional handlefridom vil fremje det norske kultur mangfaldet og tilføre den norske kulturutviklinga ein stor meirverdi basert på lokale og regionale føremoner.

POSTADRESSE
Postboks 130 Sentrum
4001 Stavanger

BESØKSADRESSE
Arkitekt Eckhoffsgt. 1
Stavanger

TELEFON
51 51 66 00

E-POST: odd.erik.hansgaard@rogfk.no

INTERNETT: www.vestlandsraadet.no

5. Vestlandsrådet er kritiske til den sterke rolla som Norsk Kulturråd har fått som forvaltar av store økonomiske verkemiddel. Vestlandsrådet meiner at heile eller deler av oppgåver, funksjonar og verkemiddelforvaltning som i dag er plassert i Oslo med fordel kan regionaliserast. Vestlandsrådet ønskjer å gå i dialog med staten og KS om korleis dette kan gjerast for Vestlandet sin del.

Med hilsen

Odd Erik Hansgaard
sekretariatsleder

Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.